
VARSEL – OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGSARBEID –

Detaljregulering, Opplandet hyttefelt, Tuddal i Hjartdal kommune. PlanID 381920220002. I samsvar med §§ 12-8 og 12-3 i Pbl varslast det med dette at det vert sett i gong arbeid med privat detaljregulering, av eigedomen gnr. 92, bnr. 4 i Hjartdal kommune. Samstundes blir forslag til planprogram sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Berørte naboeigedommar er omkringliggande hyttetomter. Planarbeidet gjeld ny detaljregulering som vil avløyse eldre eksisterande reguleringsplan, planID 20.

Planområdet er avgrensa slik:



I løpet av planprosessen kan plangrensa bli justert / redusert. Forslagsstillar er grunneigar Dag Rune Teigen. Spørsmålet om å fremje detaljreguleringsplan har vore førelagt planadministrasjonen, jfr. referat frå oppstartsmøte 28. juni 2022 (sjå kommunens heimeside). I møte blei det gitt klarsignal til oppstart av planlegging.

Føringar for planlegginga er gitt i plankonferansen med kommunen. Planarbeidet er vurdert opp mot forskrift om konsekvensutgreiing i samråd med kommunen. Det vurderast til at planarbeidet utløyser konsekvensutgreiingsplikt, som fylgje av å omhandle ei omdisponering frå LNFR til at delar av området blir utbygt. Utbygging vil ikkje koma i konflikt med aktsemdssone for snø- og steinskred, eller flaumsone. Meininga med planarbeidet er å leggje til rette for ei planendring som bidreg til utviding og fortetting av eksisterande hyttefelt.

Samtidig varslast det oppstart av forhandlingar om Utbyggingsavtale. Denne avtala skal regulere forholdet mellom kommunen og utbyggjar om eventuell utbygging av felles infrastruktur.
Innspel til planarbeidet skal sendast til Aquapartner Telemark AS innan **3. oktober 2022** på elektronisk post til **ovg@aquapartner.no.**

Nærare informasjon får ein frå Aquapartner Telemark på tlf. 414 88 418 (Olaug) /e-post: **ovg@aquapartner.no** eller hjå forslagsstillar v/ Daniel Teigen tlf. 975 27 968.